

**Ål kommune**  
**MØTEINNKALLING**  
**Sektorutval for oppvekst**

**Møtestad:** Rettsalen  
**Møtedato:** 18.12.2007 **Tid: Kl. 09.00**

Forfall må meldast snøggast mogeleg til møtesekretær på telefon 32 08 50 00

Varamedlemer møter etter nærmare avtale.

**SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>	<b>Tittel</b>
<b>27/07</b>	<b>07/1929</b>	<b>MELDINGAR TIL MØTE I SUO 18.12.07</b>
<b>28/07</b>	<b>07/1925</b>	<b>ENDRING AV VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I ÅL</b>
<b>29/07</b>	<b>07/1927</b>	<b>DEN KULTURELLE SKULESEKKEN</b>
<b>30/07</b>	<b>07/1919</b>	<b>SKULERUTA 2008-2009</b>
<b>31/07</b>	<b>07/1924</b>	<b>VERTSKOMMUNESAMARBEID - BARNEVERN OG PP-TENESTE</b>

Stad: Ål kommune, dato: 07.12.2007

Dagfinn Bøygard  
Leiar (s)

---

# Ål kommune

## Saksutgreiing

**Saksnr.:** 27/07  
**Arkivsaksnr:** 07/1929  
**Arkivkode:** 061

Sakshandsamar: Odd Lossius

---

Saksnummer	Utval	Møtedato
27/07	Sektorutval for oppvekst	18.12.2007

---

### MELDINGAR TIL MØTE I SUO 18.12.07

**Saka vert avgjort av:**  
Sektorutval for oppvekst

**Vedlegg:**

1. Høyring om endring i barnehagelova – Det kongelige kunnskapsdepartementet, datert 31.10.07
2. Oppretting av prosjektgruppe, IKT. Datert 23.11.07
3. Nordbygdane barnehage, 16.10.07 Ref. frå SU-møte 24.09.07
4. Skattebøl barnehage, 26.10.07 Ref. frå SU-møte 25.10.07
5. Sunde barnehage, 12.10.07 Ref. frå SU-møte 10.10.07
6. Sunde barnehage, 15.11.07 Ref. frå SU-møte 14.11.07
7. Leveld skule, 06.11.07 Ref. frå SU-møte 06.11.07
8. Sando skule, 29.10.07 Ref. frå SU-møte 29.10.07
9. Sando skule, 29.10.07 Ref. frå Skulemiljøutv 29.10.07
10. Skattebøl skule, 19.10.07 Ref. frå SU-møte 16.10.07
11. Ål ungdomsskule, 22.11.07 Ref. frå SU-møte 22.11.07
12. Brev frå Nordre Buskerud politidistrikt datert 29.11.07 – Befaring av skoleveger i Ål – Trygg trafikk
13. Brev frå Trygg trafikk, datert 19.11.07 – Befaring skoleveier i Ål kommune

**Rådmannen si innstilling:**  
Ingen

Oppvekstsektoren, 06.12.2007

Odd Lossius  
Sektorleiar

# Ål kommune

## Saksutgreiing

**Saksnr.:** 28/07  
**Arkivsaksnr:** 07/1925  
**Arkivkode:** A11

Sakshandsamar: Grete Svarteberg Lundekvam

---

Saksnummer	Utval	Møtedato
28/07	Sektorutval for oppvekst	18.12.2007

---

### ENDRING AV VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I ÅL

**Saka vert avgjort av:**  
Sektorutval for oppvekst.

**Vedlegg:**  
Forslag til nye vedtekter.

**Dokument i saka:**  
Ingen.

**Saksopplysningar:**  
§ 11 Opptakskriterium, siste ledd har etter gjeldande vedtekter fylgjande ordlyd:

- Ved fordeling av plassane til dei nye barna skal ein ved val av barnehage legge vekt på:*
- foreldra sin prioritering av barnehage
  - nokolunde lik fordeling når det gjeld barn teke inn etter kriterium 1 og 2
  - nokolunde lik fordeling når det gjeld alder og kjønn

I samband med evalueringa av opptaksprosessen for barnehageåret 2007/2008 vart det lagt fram eit forslag om å endre vedtektene slik at sysken kunne tildelast plass i same barnehage. Bakgrunnen var at det ved opptaket for 2007/2008 var familiar der sysken fekk plass i to ulike barnehagar. Etter gjeldande opptaksreglar, er det ingen heimel som gjer at slike hensyn kan takast i tildelinga av barnehageplassar. I eit brukarperspektiv vil det vere hensiktsmessig for familiar med to eller fleire barn i barnehagealder å få plass til barna i same barnehage dersom dei ynskjer det. Det vert difor no lagt fram eit forslag til endring av vedteker § 11 Opptakskriterium, siste ledd.

Samtidig ynskjer administrasjonen å fjerne eit punkt i § 11 Opptakskriterium, siste ledd. Dette gjeld punktet om at det i tildeling av plassar til nye søkjararar skal leggjast vekt på nokolunde lik fordeling når det gjeld alder og kjønn. Dette er eit punkt som var viktig tidlegare, då det var fleire einavdelings barnehagar med mindre grupper.

**Forhold til overordna plan:**  
I statlege føringar vert det lagt vekt på brukartilpassing.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen.

**Vurdering:**

Det er viktig å merke seg at endringane som er foreslått ikkje vil få innverknad på vedtekne opptakskriterium. Det vil framleis vere slik at barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er gjort vedtak om etter Lov om barnevernteneste §§ 4-12 og 4-4 andre og gjerde ledd vil ha fyrste prioritet. Som nr. 2 kjem barn med spesielle behov og barn med spesielle behov for tilsyn grunna sjukdom. Nr. 3 gjeld barn som er tildelt plass tidlegare og nr. 4 gjeld nye barn og som skal takast inn etter alder der dei eldste skal prioriterast.

Det er i samband med fordelinga av plassane til dei nye søkjarane at det no vert foreslått endringar. I praksis vil det vere dei aller yngste på søkjarlistene som kanskje ikkje får oppfylt fyrsteprioriteten når det gjeld val av barnehage. Nokre av desse har eldre sysken som allereie har ein plass og dei fleste foreldre ynskjer difor at begge barna skal få plass i den same barnehagen. Endringa vil ikkje føre til at sysken vert prioritert og går framfor eldre søkjarar som ikkje har sysken. Endringa vil berre gjelde når opptakskriterium 1 til 4 er oppfylt. Når det er teke atterhald i ordlyden *om mogleg*, så er det med bakgrunn i at det må vere praktisk mogleg i høve dagvalg slik at ein ikkje kjem utfor ein situasjon der denne ordninga vil føre til lengere ventelister.

**Rådmannen si innstilling:**

SUO godkjenner fylgjande endring i § 11 Opptakskriterium, siste ledd:

Ved deling av plassane til dei nye barna skal ein ved val av barnehage legge vekt på:

- foreldre sin prioritering av barnehage, men om mogleg skal sysken prioriterast slik at dei får tilbod i same barnehage
- nokolunde lik deling når det gjeld barn teke inn etter kriterium 1 og 2

Endringa skal gjelde frå og med hovudopptaket for barnehageåret 2008/2009.

Oppvekstsektoren, 05.12.2007

Odd Lossius  
Sektorleiar

Grete Svarteberg Lundekvam  
Konsulent

# Ål kommune

## Saksutgreiing

**Saksnr.:** 29/07

Arkivsaksnr: 07/1927

Arkivkode: A30 &30

Sakshandsamar: Torhild Helling Bergaplass

---

Saksnummer	Utval	Møtedato
29/07	Sektorutval for oppvekst	18.12.2007

---

### DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

**Saka vert avgjort av:**  
Sektorutval for oppvekst

**Vedlegg:**  
Plan for Den kulturelle skulesekken i Ål kommune 2008 – 2011.

#### Dokument i saka:

**Saksopplysningar:**  
Den kulturelle skulesekken (DKS) er eit nasjonalt satsningsområde for å sikre profesjonelle kulturtilbod til alle elevar i grunnskulen. Sekretariatet for DKS er lagt til ABM utvikling, Statens senter for arkiv, bibliotek og museum. DKS vert finansiert av statlege spelemidlar i tillegg til midlar frå fylkeskommune og kommune. Syner elles til plandokumentet.

**Forhold til overordna plan:**  
Den kulturelle skulesekken, Buskerud Fylkeskommune 2005 - 2008

**Helse-/miljø og beredskapsomsyn:**  
Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**  
DKS – midlar frå Buskerud Fylkeskommune på ca. 100 000.  
Kommunale midlar fordelt i budsjetta til skulane på ca. 100 000.

**Vurdering:**  
Satsinga gjev barna høve til å bli kjent med profesjonelle kunstnarar. Dette gjeld både kunstnarar og kunststartar som skulen truleg ikkje kunne teke seg råd til utan dei eksterne midlane. Kvaliteten på tiltak innan den fylkeskommunale abonnementsordninga har jevnt over svært bra kvalitet, dette gjeld spesielt oppsetningar frå Brageteateret.

Her i Ål har me eit mål om at me i løpet av 1. halvår i 2008 skal få linka planen for DKS meir opp mot måla i læreplanane for fag i skulen. Dette for å få synleggjort endå tydelegare kva for aktivitetar i DKS som kan gå direkte inn i fag.

**Rådmannen si innstilling:**

Sektorutval for oppvekst godkjenner handlingsplan for Denen kulturelle skolesekken i Ål kommune, 2008 – 2011.

Oppvekstsektoren, 05.12.2007

Odd Lossius  
sektorleiar

Torhild Helling Bergaplass

# Ål kommune

## Saksutgreiing

**Saksnr.:** 30/07  
**Arkivsaksnr:** 07/1919  
**Arkivkode:** B06

Sakshandsamar: Odd Lossius

---

Saksnummer	Utval	Møtedato
30/07	Sektorutval for oppvekst	18.12.2007

---

### SKULERUTA 2008-2009

**Saka vert avgjort av:**  
SUO

**Vedlegg:**  
Framlegg til skulerute frå Fylkesmannen i Buskerud

**Dokument i saka:**  
Opplæringslova (OL) §2-2

**Saksopplysningar:**  
Skuleruta gjeld berre elevane sine skuledagar. Planleggingsdagar for lærarar vert fastsett administrativt seinare, men dagane vil bli lagde til dagar der elevane etter skuleruta har fri. Framlegget frå Fylkesmannen er berre ei tilråding, i det kvar kommune står fritt til å fastsetje si eiga skulerute, jfr. OL §2-2. Kommunane bør likevel så langt råd er, følgje det sentrale framlegget av omsyn til samordning av skyss og fridagar mellom grunnskulen og vidaregåande skular.

**Forhold til overordna plan:**  
Ingen

**Helse-/miljø og beredskapsomsyn:**  
Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**  
Ingen

**Vurdering:**  
Framlegget er drøfta med kommunane i Hallingdal og med skuleleiarane og styrarane i Ål. Kommunane er samde om å halde fram samarbeidet om ein regional kursdag (planleggingsdag) for alle lærarar om hausten, og dagen er fastsett til 10. november 2008. Elevane som dermed får fri denne dagen, må få att denne skuledagen på eit anna tidspunkt.

Skuleåret 2008-2009 er svært lukka, og å finna ein ledig dag er difor ikkje lett. I valet mellom å framskude skulestart til fredag 15.8. eller å nytte den oppsette fridagen, fredag 22. mai (dagen etter Kr. Himmelfart), går vi for framskunda skulestart til fredag 15. august.

**Rådmannen si innstilling:**

SUO vedtek følgjande skulerute for Ål for skuleåret 2008 – 2009:

MÅNAD	ANT. DAGAR	FERIAR OG FRIDAGAR
August	11	Første skuledag fredag 15.
September	20	Haustferie 29. – 30. (veke 40)
Oktober	20	Haustferie 1. – 3. (veke 40)
November	19	Fri 10. (Regional kursdag)
Desember	15	Siste skuledag før jul fredag 19.
Januar	20	Første skuledag etter jul måndag 5.
Februar	15	Vinterferie 23. – 27. (veke 9)
Mars	22	
April	16	Påskeferie 6. – 13.
Mai	18	Fridag fredag 22.
Juni	14	Siste skuledag fredag 19.
Sum	<b>190</b>	

Oppvekstsektoren, 04.12.2007

Odd Lossius  
sektorleiar

# Ål kommune

## Saksutgreiing

**Saksnr.:** 31/07  
 Arkivsaksnr: 07/1924  
 Arkivkode: 026 F4

Sakshandsamar: Odd Lossius

Saksnummer	Utval	Møtedato
31/07	Sektorutval for oppvekst	18.12.2007
/	Formannskapet	
/	Kommunestyret	

### VERTSKOMMUNESAMARBEID - BARNEVERN OG PP-TENESTE

#### Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

#### Vedlegg:

Det Kongelege Kommunal- og Regionaldepartement, skriv dagsett 27. mars 2007  
 Samarbeidsavtale for barneverntenestene i Ål og Hol av 29.09.2005  
 Avtale om interkommunal pedagogisk psykologisk teneste mellom Ål og Hol kommunar av 06.09.1991

#### Dokument i saka:

Kommunal og regionaldepartementet, 6. mars 2006: Søknad om forsøk i offentleg forvaltning  
 Kommunelova, § 28a og b  
 Rundskriv H-02/07

#### Saksopplysningar:

Ål og Hol kommunar søkte i skriv dagsett 29.09.05 kommunaldepartementet om godkjenning av forsøk med interkommunalt samarbeid om barneverntenesta i dei to kommunane med Ål som vertskommune. Det vart søkt om ein forsøksperiode på 4 år, men departementet avgrensa forsøksstida til 31.12.07 med følgjande grunngjeving:

*”Kommunal- og regionaldepartementet er i slutfasen av eit lovarbeid om reglar for interkommunalt samarbeid om utøving av myndigheit. Med Stortinget si tilslutning, vil lovendingane kunne ta til å gjelde i 2007. Året 2007 må i så tilfelle dei aktuelle forsøkskommunane nytte til å få på plass eit samarbeid som samsvarar med dei nye lovreglane.”*

Da Ål kommune på vegne av samarbeidskommunene søkte om forlenging av forsøket fram til 2009, vart dette avslått. Samarbeidet om felles barnevern mellom Ål og Hol opphøyrer dermed den 31.12.07, men kommunene kan halde fram samarbeidet innafor dei lovreglane som no gjeld, fordi samarbeidsavtala som kommunene har inngått, er i tråd med krava i dei nye reglane i kommunelova om vertskommunesamarbeid, jf. vedlagt skriv frå kommunaldepartementet av 27.03.07 og rundskriv H-02/07, pkt. 2.3: *Lovregulering av vertskommunesamarbeid kommer i tillegg til dagens bestemmelser. Det kreves ingen*

*omorganisering av tidligere etablerte interkommunale samarbeidsordninger. Det er dermed etablert en organisasjonsmodell som kommuner kan velge å benytte seg av dersom de ønsker det.*

**Forhold til overordna plan:**

Ingen

**Helse-/miljø og beredskapsomsyn:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

**Vurdering:**

Både samarbeidsavtala om felles barnevern og felles pedagogisk psykologisk teneste for Ål og Hol ligg innfor krava i Kommunelova, § 28 a og b. Samarbeidet kan såleis halde fram utan endringar av desse avtalene, PPT-avtala frå 1991 og barnevernsavtala frå 2005.

Saka er såleis av ein formell karakter der kommunestyra i Ål og Hol blir bedne om å vidareføre gjeldande samarbeidsavtaler om felles pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og felles barnevernteneste for Ål og Hol med heimel i Kommunelova, § 28a og b.

**Rådmannen si innstilling:**

Med heimel i Kommunelova § 28 a og 28 b vidarefører Ål og Hol kommunar samarbeidet om felles pedagogisk psykologisk teneste, jf. avtale av 6. september 1991, og felles barnevernteneste, jf. avtale av 29. september 2005.

Oppvekstsektoren, 05.12.2007

Trond Kleppen  
rådmann

Odd Lossius  
sektorleiar